



Vanylven kommune
Rådhuset
6143 FISKÅBYGD

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vanylven kommune

Detaljregulering Småstranda næringsområde

Offentleg ettersyn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Vanylven kommune har lagt ut detaljreguleringsplan for Småstranda næringsområde til offentlig ettersyn. Tiltaket har samanheng med bygging av Stad skipstunnel, som vil generere eit stort masseoverskot. Vanylven kommune ønskjer at skipstunnelen skal gi positive synergjar for lokalsamfunnet ved at steinressursane vert nytta til ulike samfunnsnyttige føremål, slik som til dømes tilrettelegging for auka turisme, næringsverksemd og busetjing.

Kystverket har tilbydd seg å frakte masser sjøvegen til tiltak som har noko avstand til anleggsområdet, men krev at område som skal ha massar er regulert og har nødvendige løyve for å motta masse. Vanylven kommune ønskjer at Småstranda næringsområde skal vere eitt av områda som skal utviklast ved hjelp av masse frå skipstunnelen.

Føremålet med planarbeidet er å få formelt plangrunnlag for utfylling i sjø, og utvikling av eit nytt næringsareal nord for Åheim. Tiltaket som er planlagt utført omfattar utfylling i sjø og ny tilkomstveg til næringsarealet frå fylkesvegen. Planframlegget er ikkje direkte tiltaksretta, men legg rammer for seinare tiltak. Det er lagt til grunn at planen skal vere avklarande i høve til arealbruk.

Planframlegget legg til rette for etablering av eit område for industri/lager som kan bli opp til knappe 20 dekar. Nytt landareal er på det breiaste 100 meter. Det er lagt til rette for ny avkøyrsløp frå fylkesvegen, og det kan etablerast kai mot vest for tilkomst sjøvegen. Beslaglagt sjøbotn utgjør om lag 30 dekar, og det leggst til rette for mottak av om lag 90 000 m³ stein. Planområdet er mykje innskrenka sidan varsla planoppstart.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Landskap

Tiltaket vil ha stor verknad på landskapet, særleg sett frå sjøsida. Av estetiske omsyn og for å hindre utvasking av fyllmassar må det setjast krav i føresegnene til plastring av utfyllinga.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Det er gjennomført ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. krav i plan og bygningslova. Avdekt risiko og sårbarheit er følgt godt opp gjennom vidare kartleggingar og vurderingar.

Ein mindre del av planområdet er vurdert å ha sannsyn høgare enn 1/1000 for steinsprang. Det er knytt ei omsynssone og ei føresegn til denne delen av planområde. Føresegna skildrar fare og sannsyn men stiller ingen krav. Det må framkomme av føresegn § 4.2 kva krav som stillast for å sikre tilstrekkeleg tryggleik mot skred. Dette er til dømes godt skildra på side 35. i Norconsult si Skredfarevurdering datert 25.4.2022. Vi forutsett at kommunen følgjer dette opp.

Norconsult har utarbeid eit notat *Bølgeanalyse, erosjonssikring og kai – Småstranda*, datert 29.6.2022 som vurderer faren for stormflod inkludert klimapåslag og lokale vind og bølgeførhold. Vurderingane er lagd til grunn for omsynssone for flaum og tilhøyrande føresegn. Det er fint at føresegna viser til notatet for detaljprosjektering av sikringstiltak, men føresegna er uklar på kva krav det er som gjeld. Føresegna må formulerast meir eintydig når det gjeld kva er faren i omsynssona, og kva krav gjeld for tiltak innanfor omsynsona for å sikre tilfredsstillande tryggleik. Vi forutset at kommunen følgjer dette opp.

Konklusjon

Vi viser til våre merknader, og ber om at desse følgjast opp i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
ass. miljøverndirektør

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Statens vegvesen
Møre og Romsdal fylkeskommune

Postboks 1010 Nordre Ål
Fylkeshuset

2605 LILLEHAMMER
6404 Molde